

Norsk Presseforbund
v/ generalsekretær Elin Floberghagen

Kjeldeutvalgets forslag til endringar i Vær Varsom-plakaten – høyring Innspel frå Landslaget for lokalaviser

Landslaget for lokalaviser, LLA, vil få understreke at det er heilt avgjerande at dei redaktørstyrte media har felles etiske reglar. Å gjere dei etiske køyrereglane meir utfyllande og tydelege når det gjeld kjeldearbeidet, er viktig for å styrke tilliten til presseetikken i ei tid der den blir sett under press.

Presseetikken verken er eller skal vere jus, og det er i mange situasjonar avvegingar som gjer at det ikkje er ein klokkeklar fasit. Det er heilt avgjerande at alle redaksjonar, uavhengig av storleik, arbeider systematisk med dei etiske reglane som er formulert i Vær Varsom-plakaten. Den grundige rapporten frå kjeldeutvalet har alt skjerpa journalistar og redaktørar i det presseetiske arbeidet, noko som kanskje er den aller viktigaste effekten av utvalet sitt arbeid.

Kvardagen er svært ulik i det mangfaldet av media som er her i landet. I den daglege praktisering av Vær Varsom-plakaten vil skilnader i ressursar kunne innebere skilnader i behov for detaljering og konkretisering av Vær Varsom-plakaten. Mindre medier vil kunne ha behov for noko større grad av presisering og dermed gjere det lettare å praktisere reglane i kvardagen. Det må og tas med i vurderinga at digitalisering og nye medier har auka tidspresset, med publisering 24/7. Det kjem og til mange nye medier og mange nye blir rekruttert inn i bransjen via små redaksjonar.

LLA vurderer det og slik at det vil være ein styrke overfor både kjelder, mediekonsumentar og publikum generelt med noko tydelegare premissar i kontakten mellom redaksjon og kjelder. Det vil styrke tilliten til media med tydeleg, føreseieleg og lik praktisering av forholdet mellom journalist og kjelde.

- Anonyme kjelder

Kjeldeutvalet meiner at bruken av anonyme kjelder i praksis er for utbreidd, og at det i mange tilfelle er svært vanskeleg å imøtegå påstandar om anonymitetsvern.

Utvalet foreslår eit nytt tilleggspunkt: *"Personkarakteristikker og udokumenterbare påstander bør ikke fremsettes anonymt."*

Bakgrunnen er i hovudsak at det er vanskeleg å forsvare seg mot påstandar som blir sett fram anonymt så lenge desse ikkje er faktabaserte. LLA støttar vurdering av at det er behov for styrka vern mot negative personkarakteristikkar som det er vanskeleg og ofte umuleg å forsvare seg mot når dei blir framsett anonymt.

LLA meiner at terskelen for bruk av anonyme kjelder skal vere høg. Men LLA forstår og NRs åtvaring mot å formulere denne paragrafen slik at det inneber avgrensingar i høve til å få fram kritikkverdige forhold frå samfunnsområde der anonymitet for kjeldene ofte er heilt avgjerande. NR vil styrke dette ved å formulere *"bør som hovedregel"*.

LLA vurderer det slik at utvalet i si formulering gir høve til bruk av anonymitet i særskilde tilfelle ved bruken av ordet *"bør"*

NJ foreslår at *"udokumenterbare påstander"* blir bytta med *"meningsytringer som ikke er etterprøvbare"*. LLA vil støtte utvalet sitt forslag med same endring i teksten som NJ foreslår istadenfor *"udokumenterbare påstander"*.

***LLAs forslag til tillegg i VVP pkt.3.1:**

"Personkarakteristikker og andre meningsytringer som ikke er etterprøvbare, bør ikke fremsettes anonymt."

Alternativt støttar LLA NJs forslag til formulering:

"Personkarakteristikker og andre meningsytringer som ikke er etterprøvbare, bør som hovedregel ikke fremsettes anonymt."

- Klargjering av premissane for intervju

Utvalet foreslår fleire endringar i VVP pkt.3.3: Endringsforslaga understreka.

Det er god presseskikk å gjøre premissene klare i intervjusituasjoner og ellers overfor kilder og kontakter. Dette gjelder også opptak av samtaler.

Hvis det inngås avtale om sitatsjekk, bør det gjøres klart hva avtalen omfatter og hvilke tidsfrister som gjelder. I kontroversielle saker bør urutinerte kilder gjøres oppmerksom på muligheten for sitatsjekk. Redaksjonen selv avgjør hva som endelig publiseres.

Både NJ og NR meiner det er viktig å skjerme journalistiske arbeidsmetoder. NJ meiner at det må presiserast at journalisten berre har plikt til å informere om at det blir gjort lydopptak av

ein samtale når opptaket skal brukast i sjølve publiseringa. NR meiner og at ein her bør kunne gjere unnatak når premissane for skjult opptak er til stades jfr. VVP 3.10. NR er og kritisk til å innføre det dei kallar to kategoriar kjelder og to kategoriar saker ved *urutinerte* og dermed rutinerte kjelder og *kontroversielle* og då implisitt ukontroversielle saker. NR konkluderer med å ikkje støtte endringsforslaga og står på dagens formulering.

Innspela frå NJ og NR er gode, og LLA støttar argumenta om å ikkje legge for store avgrensingar på journalistars arbeid med å samle inn materiale.

***LLAs forslag** er støtte til NJs ordlyd i VVP 3.3 første del slik:

Det er god presseskikk å gjøre premissene klare i intervju situasjoner og ellers overfor kilder og kontakter. Dette gjelder også opptak av samtaler som skal brukes i publisering."

***LLA støttar** NJs vurdering av at dei tre siste setningane i forslaget frå utvalet handlar meir om sitatsjekk enn å klargjere premissar, og at det dermed bør flyttast til punkt 3.8 som omhandlar sitatsjekk.

- Upublisert materiale

Kjeldeutvalet meiner at formuleringa i dagens pkt. 3.6 er uklar, og foreslår endringar som inneber ei klar styrking av kjeldevernet.

Dagens formulering i pkt.3.6:

Av hensyn til kildene og pressens uavhengighet, skal upublisert materiale som hovedregel ikke utleveres til utenforstående.

Utvalet sitt forslag:

Av hensyn til kildene og pressens uavhengighet, har ingen utenforstående rett til å få utlevert upublisert materiale.

NJ peikar i sin uttale på at det er døme på at det er omsyn som talar både for og mot utlevering av upublisert materiale. Dei meiner at det er behov for tydelegare formulering og støttar utvalet sitt forslag til endring i punktet som betre reflekterer den opphavlege intensjonen med dagens formulering. NJ meiner at forslaget *"framhever redaktørens rett til å selv å bestemme hvem som skal få tilgang, og på hvilken måte det skal skje."*

NR meiner at redaktørens rett er opplagt og sjølvstøtt og ønskjer ingen endring i ordlyden i pkt. 3.6.

***LLAs forslag** er å støttar kjeldeutvalet sitt forslag til ny ordlyd i VVP pkt.3.6:

Av hensyn til kildene og pressens uavhengighet, har ingen utenforstående rett til å få utlevert upublisert materiale.

- Sitatskikk

VVP pkt.3.7 omhandlar god skikk for sitering.

Her foreslår kjeldeutvalet noko dei kallar ei presisering med eit tillegg om indirekte sitater:

Forslag frå utvalet: Endring/tillegg understreka:

"Pressen har plikt til å gjengi meningsinnholdet i det som brukes av intervjubjektets uttalelser i indirekte sitater. Direkte sitater skal gjengis presis. "

NJ støttar forslaget frå kjeldeutvalet.

NR drøftar om endring vil gi den rette effekt, eller også utilsikta konsekvensar, og konkluderer med å ikkje ville endre teksten.

***LLAs forslag** er å støtte kjeldeutvalet og slik tekst:

"Pressen har plikt til å gjengi meningsinnholdet i det som brukes av intervjubjektets uttalelser i indirekte sitater. Direkte sitater skal gjengis presis. "

- Sitatsjekk

Kjeldeutvalet foreslår ei endring i pkt. 3.8 som omhandlar kjelders høve til å sjekke sitat.

Dagens ordlyd:

Endring av avgitte uttalelser bør begrenses til korrigering av faktiske feil. Ingen uten redaksjonell myndighet kan gripe inn i redigering og presentasjon av redaksjonelt materiale.

Forslag frå utvalet: Enderingar understreka.

Kildens rett til sitatsjekk er personlig, og begrenset til korrigering av faktiske feil. Ingen uten redaksjonell myndighet kan gripe inn i redigering og presentasjon av redaksjonelt materiale.

Som hovedregel tilbys ikke sitatsjekk når svar er avgitt skriftlig.

LLA støtta i pkt. 3.3 NJs forslag om å flytta nokre av kjeldeutvalet sine forslag fremja i pkt. 3.3 til pkt. 3.8 for slik å samle alt som gjeld sitatsjekk i eit punkt.

NJs forslag til starten på pkt. 3.8 vil då vere slik:

Hvis det inngås avtale om sitatsjekk, bør det gjøres klart hva avtalen omfatter og hvilke tidsfrister som gjelder."

NJ meiner at det då vil kome tydelegare fram at presseetikken ikkje oppstiller ein generell rett til å få sitatsjekk. Dei ønskjer og som utvalet ei presisering av at sitatsjekk kun gir rett til å korrigere faktiske feil.

NR har på dette punktet skarp usemje med kjeldeutvalet når det gjeld formuleringa "kildens rett til sitatsjekk". NR legg til grunn at ei kjelde ikkje har slik rett, og at sitatsjekk er grunngitt i ein avtale og ikkje ein rettstilstand.

NR foreslår ein alternativ ordlyd i inngangen til pkt. 3.8.

Kildens sitatsjekk skal primært bidra til å sikre at kilden er gjengitt korrekt og til korrigering av eventuelle faktiske feil. Ingen uten redaksjonell myndighet kan gripe inn i redigering og presentasjon av redaksjonelt materiale.

LLA støttar NJs forslag til inngang i punktet 3.8.

LLA støttar NR i at det ikkje må vere nokon tvil om at det ikkje er generell rett til sitatsjekk.

- Forholdet til urutinerte kjelder og kjelder i sosiale medier.

Kjeldeutvalet foreslår ei endring i VVP pkt.3.9, ved to tillegg, som er understreka.

Opptre hensynsfullt i den journalistiske arbeidsprosessen. Vis særleg hensyn overfor urutinerte kilder og personer som ikke kan ventes å være klar over virkningen av sine uttalelser. Vær aktpågivende ved bruk av sosiale medier som kildegrunnlag. Misbruk ikke andres følelser, uvitenheter eller sviktende dømmekraft. Husk at mennesker i sjokk eller sorg er mer sårbare enn andre.

NJ er einig med utvalet i at mediebransjen må ta meir omsyn enn i dag til at kunnskapsnivået hos kjeldene varierer, og at det difor er behov for større medvit rundt handsaming av dei urutinerte kjeldene. Dei støttar difor forslaget om å formalisere skilnad mellom rutinerte og urutinerte kjelder sjølv om det vil vere gråsoner.

LLA støttar vurderinga av at fleksibiliteten med omsyn til type kjelder i dag ikkje kjem godt nok fram i Vær varsom plakaten, men blir grunngitt i pkt.3.9 om å ta spesielt omsyn til personar som ein ikkje kan venta er klar over konsekvensane av sine uttaler. Etter NJ sitt syn passar dette best på sårbare grupper som mindreårige, pårørande, rusmisbrukarar og psykisk sjuke, og ikkje så godt på urutinerte kjelder.

Utvalet meiner av same grunn at media må vere aktsame ved bruk av sosiale medier som kjeldegrunnlag, men dette passar då betre inn i pkt.3.2 som etter NJs forslag vil vere:

« Vær kritisk i valg av kilder, og kontrollér at opplysninger som gis er korrekte. Det er god presseskikk å tilstrebe bredde og relevans i valg av kilder. Vær spesielt aktsom ved bruk av sosiale medier som kildegrunnlag, behandling av informasjon fra anonyme kilder, informasjon fra kilder som tilbyr eksklusivitet.»

NR vil heller ikkje på dette punktet støtta innføringa av urutinerte kjelder eit omgrep. Dei foreslår å reindyrke "kjelder" og ikkje bruke personar i dette punktet. NR ønskjer heller ikkje å skape ein eigen kjeldekategori av sosiale medier.

NRs forslag:

"Opptre hensynsfullt i den journalistiske arbeidsprosessen. Vis særlig hensyn overfor kilder som ikke kan ventes å være klar over virkningen av sine uttalelser. Misbruk ikke andres følelser, uvitenhet eller sviktende dømmekraft. Husk at mennesker i sjokk eller sorg er mer sårbare enn andre."

Fagpressen støttar NRs forslag til ordlyd i 3.9

***LLAs forslag** er å støtte NJs forslag om ordlyd og å flytte dette til pkt. 3.2:

" Vær kritisk i valg av kilder, og kontroller at opplysninger som gis er korrekte. Det er god presseskikk å tilstrebe bredde og relevans i valg av kilder. Vær spesielt aktsom ved bruk av sosiale medier som kildegrunnlag, behandling av informasjon fra anonyme kilder, informasjon fra kilder som tilbyr eksklusivitet, og informasjon som er gitt fra kilder mot betaling."

***LLAs forslag** er å støtte NJs forslag til starten på pkt. 3.8:


Hvis det inngås avtale om sitatsjekk, bør det gjøres klart hva avtalen omfatter og hvilke tidsfrister som gjelder."

***LLAs forslag** er å støtte vidare NRs forslag til tekst i pkt.3.8:

Kildens sitatsjekk skal primært bidra til å sikre at kilden er gjengitt korrekt og til korrigerings av eventuelle faktiske feil. Ingen uten redaksjonell myndighet kan gripe inn i redigering og presentasjon av redaksjonelt materiale.

Helsing

Landslaget for lokalaviser


Tomas Bruvik, generalsekretær


Øystein Øygarden, styreleiar